

Informasjon til elevar om forskingsprosjekt på elevtekstar

Dette er eit spørsmål til deg om å bruke teksten din som datamateriale i mi masteroppgåve. Eg er interessert i elevtekstar frå ungdomsskulen og korleis elevane skriv. I dette skrivet vil du få informasjon om måla for prosjektet og kva deltaking vil innebere for deg

Føremål

Noko av det viktigaste oppdraget skulen har er å lære elevane å skrive og å skrive godt. Dette vert også underbygt av det høge timetalet som norskfaget har i dagens skule. I tillegg vil skriveferdigheitene dykkar gjere seg gjeldande i andre skulefag, som til dømes samfunnsfag, naturfag og liknande. Sist, men ikkje minst, er det sentralt å påpeike at mykje av kommunikasjon utanfor skulen også har forankring i norskopplæringa. Unge i dag produserer store mengder tekst kvar einaste dag, på ulike plattformer. Skulen legg dermed grunnlaget for korleis denne teksten blir skapt!

Bakgrunn

Bakgrunnen for oppgåva mi er at eg tek ein mastergrad i norsk ved Høgskulen på Vestlandet – Campus Sogndal. Gjennom desse studieåra har det meldt seg ein interesse for noko av det viktigaste norskfaget driv med, nettopp skrivning. Basert på dette har eg funne ut at den mest reelle situasjonen for å sjå på korleis skriveopplæringa har vore, er å sjå på tekstane elevane skriv.

Kvifor får du spørsmål?

Du får spørsmål om å delta i denne studien fordi du er elev på ungdomsskulen. Som tidlegare skrive handlar mykje av interessa mi om måten elevar skriv på, og gjerne spesielt elevar i 15-16 årsalderen. Dette fordi de har begynt å bli gode skrivarar, og tek sjølvstendige val i utarbeidinga av tekst.

Kva inneber det for deg å delta?

Prosjektet mitt går ut på å analysere elevtekstar i frå ungdomsskulen. Dersom du samtykker til at eg kan bruke teksten din i oppgåva mi, gir du meg lov til å sjå på måten dykk skriv på. Eg kjem med andre ord ikkje til å sjå på og vurdere innhaldet i teksten. Ein konsekvens av dette kan vere at eg siterer delar av teksten din, som enkeltord, delar av ei setning eller full setning, i oppgåva mi. Teksten din vert sjølvstendige anonymisert, slik at det ikkje er nokonsom kan vite eller finne ut av kven som har skrive den. Det blir difor viktig at du ikkje oppgir personlege opplysningar i teksten du

skriv. Når eg siterer frå ulike tekstar i oppgåva, vil eg kalle dei «elevtekst a», «elevtekst b», «elevtekst c» eller liknande.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du samtykker munnleg til at eg kan bruke teksten din, vil læraren din legge den anonymiserte teksten din på ein minnepenn og levere til meg

Ditt personvern

Læraren din vil anonymisere teksten din før den vert sendt til meg. Eg kjem altså ikkje til å få personopplysningar om deg, noko som betyr at verken eg eller andre kan identifisere deg. Det einaste som vil kome fram i oppgåva mi, er at du er elev ved ein ungdomsskule

Prosjektet skal etter planen vere ferdig mai 2023.

Kor kan du finne ut meir?

Har du spørsmål til studien, ta kontakt med:

- Høgskulen på Vestlandet, campus Sogndal, ved Roger Pollen (rogerpollen@hotmail.com), rettleiar Eli Bjørhusdal (Eli.Bjorhusdal@hvl.no) eller rettleiar Vilde Kompelien (Vilde.Kompelien@hvl.no).
- Fagansvarleg for forskingsetikk og personvern i forskning ved HVL: Anne Mette Somby (Anne-Mette.Somby@hvl.no)

Beste helsing,

Roger Pollen
Masterstudent
